



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3806 - 18/15260

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.05.2018

## Dispensasjon og løyve til oppføring av einebustad med garasje - gbnr 185/298 Isdal

### Administrativt vedtak. Saknr: 213/18

**Tiltakshavar:** Baard Ivar Olstad  
**Ansvarleg søkjar:** Seim Bygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av einebustad med garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 379,8 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) på om lag 191, m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 40,97 % BRA.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og støttemurar, samt opparbeiding av avkøyrslø, interne vegar og parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå grad av utnytting og regulert byggegrense.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.12.17 og supplert 14.03.18 og 08.05.18.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 08.02.18. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 14.03.18.

### Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Juvikstølen. Del av gnr. 185 Isdal felles/planid.: 1263-07022002. Eigedomen er i planen avsett til bustadføre mål og merka som område B6 på gjeldande plankart. Eigedomen har regulert avkøyrslø. Grad av utnytting for eigedomen er i føresegna til planen oppgjeve til 30 % TU.

### Dispensasjon



Tiltaket krev dispensasjon frå grad av utnytting og plassering av murar utanfor regulert byggegrense.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Ansvarlig Søker vil med dette søke om dispensasjon etter PBL § 20-2.

Dispensasjon fra § 3.1.3 % TU.

Boligen er på 379.9m2 BRA og tomten er på 927m2  
Dette gir en tomteutnytting på 40.98% TU.

Momenter som taler for Dispensasjon:

Byggesaks avdelingen i Lindås Kommune Orienterte plan-og miljø utvalget  
23.12.2008:

*“Reguleringsendringe nednfor vart aldri gjennomført, men har vore brukt som retningslinjer ved handsaming av søknad om dispensasjon fra reguleringsføresegner.*

*Eg gjer merksam på at nødvendige parkeringsareal ink. Framtidig garasje (2 bilar pr bueing) skal vera med i bruksareal ved utrekning av TU”.*

Se Vedlegg B2.

Ansvarlig søker mener tiltaket er i tråd med intensjonene i forslaget til endring av reguleringsplan og at fordelene ved å gi dispensasjon er vesentlig større en ulempe.

Søknad om dispensasjon etter pbl. § 19-2 byggegrense mot vei og friområde.  
Dispensasjon gjelder natursteins støttemurer utenfor byggegrense.

Plassering av tiltak er vist på situasjonskart av 30.11.207 og fasade tegninger av 24.11.2017.

Murer skal oppføres i naturstein av tilsvarende kvalitet som nabo tomter GBnr 185/300-297-296.

Murer er planlagt slik at siktsoner og snørydding blir ivaretatt.  
Det planlagte murene skal tilpasses eksisterende terreng og terraseres som vist på tegninger og situasjonsplan.

Murer skal sikkres med nødvendige rekkverk / gjerder.

Vi mener det er en naturlig sammenheng mellom dispensasjon og vilkår.  
Ved prosjektering av tiltaket er det lagt vekt på tiltakets konsekvenser for helse, miljø, trygghet og tilgjengelighet.

Vår klare oppfattning er at føresegner ikke blir vesentlig til sidesatt og at fordelene ved å gi dispensasjon er større en ulempe.

14/3-2018

## Søknad om Dispensasjon på G.nr 185 B.nr 298 – Øykjetona nr 7. 5916 Isdalstø.

Vi ønsker å søke dispensasjon fra avstandskrav om 15 meter fra offentlig vei til mur.

Ved prosjektering av bolig på Øykjetona nr 7 er det ønskelig med murer langs tomtens yttergrenser, men min 1 meter fra grenser slik at areal til snø lagring er ivaretatt.

Prosjekterte murer skal terreng tilpasses og fundamentering blir en kombinasjon av forankring i fjell og støpt såle som forankres med kamstål.

Fundamentering av mur skal utføres ihht vedlagt NBI blad.

Murer på tomten får varierende høyder. Den delen som er nærmest veien er lavest ca 0,8 / 1,0m høy og stiger til ca 3m på det høyeste.

Siktforhold i kryss er ivaretatt og viser på vedlagt situasjons plan.

Fordelen med å gi dispensasjon er klart større en ulempe og hensikten med bestemmelsen kan heller ikke sies å bli vesentlig tilsidesatt, verken for helse, miljø, sikkerhet eller tilgjengelighet.

## Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå vegmynde v/Teknisk drift med omsyn til søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense langs veg, som følgje av uttale er murar på eigedomen justert.

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012.

Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Det er henta inn slik uttale frå Teknisk drift den 18.04.18:

*Viser til mottatt kopi av saka kor byggesaksavdelinga ber om uttale frå vegavdelinga.*

*Saka er diskutert internt på avdelinga og dette er vår uttale i saka:*

*Avkjørsle er teikna inn i samsvar med reguleringsplan. Krava til sikt frå avkjørsle er innanfor dei rammene kommunen set for 30km/t, minstekrav 3/4m x 20m. Krava til avkjørsle må likevel oppfyllest:*

- *Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.*
- *Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.*

*Det er og søkt om å få setje opp mur langs med eigedomen. Vegavdelinga ynskjer ikkje at denne vert sett opp slik at den reduserer sikta i Veg4 og FV4. Vegavdelinga anbefalar difor at det ikkje vert gitt dispensasjon for murar høgare enn 0,5m utanfor regulert byggegrense.*

- *Siktsona frå FV4 er teikna inn feil. Den skal vere vist frå kant veg og ikkje midt i kryss.*
- *Skissa frå søkjar syner at den innerste muren som er omsøkt er over 2m høg og ligg inne i stoppsiktsona for veg4 og FV4 mot det offentlege krysset. Stoppelengden for bil i 30km/t er 20m. Stoppsiktlinja er teikna inn på vedlagt skisse. Av trafiksikkerhetsmessige årsaker, bør det ikkje dispenseras for mur høgare enn 0,5m i den sona som ligg inn mot krysset. Bak denne stoppsiktlinja kan slik dispensasjon gis så lenge den ikkje hindrar sikt i avkjørsle til bustaden på gbnr 185/298.*
- *Vegavdelinga anbefalar og at det i stoppsiktsona vert teke hensyn til ei byggegrense på 4m frå vegkant langs FV4, i alle fall langs den kommunale delen av vegen i krysset.*
- *Det er viktig å presisere at dersom det vert gitt dispensasjon utanfor byggjegransa mot veg, skal grøfteareal sikrast med min. 0,5m mellom veg og mur, samt forankring i samsvar med krav frå VA.*

Som følgje av uttale frå Teknisk drift er det sendt inn oppdaterte teikningar og situasjonsplan der murar på eigedomen er justert slik at dei i stoppsiktlinja i krysset mellom Fv4 og veg4 ikkje er høgare enn 0,5 meter over etablert vegbane, jf. situasjonsplan motteke 08.05.18.



### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.11.17 rev. 07.05.18 motteke 08.05.18.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4 meter frå bustad og 1 meter frå garasje. Eigar av gbnr. 185/318 har i dokument datert 23.02.18 samtykka til at tiltaket kan plasserast 1 meter frå nabogrensa.

Det er søkt om topp golv på om lag kote + 56,2 og gesimshøgde på om lag kote + 65,7. Det er søkt om planeringshøgde på kote + 56.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vass- og avlaupsanlegg. Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vatn og avlaup den 09.01.18 i arkivsak 17/3701.

Det er søkt om og gjeve dispensasjon frå plassering av støttemurar nærare offentleg leidningstrase jf. vedtak i sak 17/3806, vedtak datert 13.03.18, løyve er gjeve på følgjande vilkår:

*Dispensasjon frå avstandskrav va nett er godkjent slik det ligg føre i søknad.*

- *Mur fundament skal forankrast direkte i fast fjell, alternativt skal mur fundamentrast i same høgde som underkant va nett.*
- *Det skal i ferdigmelding dokumenterast med foto korleis fundament er forankra, dersom slik dokumentasjon ikkje ligg føre i sluttdokumentasjon, vil mur ikkje verta godkjent.*
- *Vegavdleing sender eige svar, når det gjeld avkjørsle, plassering mur, siktsoner etc.*

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkjørsle til offentlig veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

Situasjonsplanen viser garasjeplassering for 2 bilar.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser uteopphaldsareal, gangtilkomst, garasjeplassering og avkjørsle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon frå regulert grad av utnytting i gjeldande reguleringsplan for området og også frå regulert byggegrense langs veg for etablering av murar.

### **Grad av utnytting**

Omsynet som grad av utnytting skal vere med å ivareta er å sikre lys og luft mellom bygningar i eit planområde, og også kvalitetar på blant anna uteopphaldsområde og utsikt frå dei einskide eigedommar i planområdet.

Det er i søknad opplyst at eigedomen etter gjennomført tiltak har ein grad av utnytting på om lag 40,97 %-BRA. Føresegna til gjeldande reguleringsplan § 3.1.3 opnar opp for at enkelttomtar i planområdet kan ha ein grad av utnytting på 30 %-TU.

Grad av utnytting innan planområdet har vore forsøkt justert gjennom plan- og miljøutvalet i sak 119/05 datert 16.06.05. Grad av utnytting vart foreslått justert opp til 45 % TU for bustad med underetasje. Det vart då gjeve signal om at grad av utnytting i planområdet er låg og at ein ønska å opna opp for ei høgare utnytting på enkelttomter i feltet.

Reguleringsendringa vart aldri vedteken, men administrasjonen har i handsaming av søknadar innanfor feltet brukt nemnde vedtak som ei retningsline ved handsaming av søknad om oppføring av einebustadar og einebustadar med utleigedel.

Den planlagde bustaden på eigedomen er senka i høve høgder på u.etg og 1.etg gjeve på plankartet, topp gesims vert lågare enn uteområde for bakanforliggjande busetnad.

Eigedomen oppfyller krav til minste uteoppfallsareal gjeve i føresegna til planen.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at eigedomen etter gjennomført tiltak oppfyller minste krav til grad av utnytting gjeve i føresegna til planen, vidare er det lagt vekt på at det er tilfredsstillande avstand mellom omsøkt tiltak og omkringliggjande busetnad. Administrasjonen si vurdering er at omsynet som grad av utnytting skal ivareta ikkje i vesentleg grad vert sett tilside som følgje av omsøkt tiltak.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå grad av utnytting for omsøkt tiltak på eigedom gbnr. 185/298 er oppfylt.

### **Støttemurar**

Det er søkt om dispensasjon frå regulert byggegrense langs veg for oppføring av murar på eigedomen, saka har vore til uttale hjå Teknisk drift v/vegavdelinga som har sett som vilkår at ein i stoppsiktlinja langs krysset mellom veg4 og fv4 ikkje fører opp murar høgare enn 0,5 meter over etablert vegbane og at ein ivaretek ein minsteavstand frå mur til vegbanekant på 0,5 meter.

Omsynet som byggegrense langs veg skal ivareta er knytt til trafikktryggleik og å sikre areal til renovasjon og vedlikehald.

Som følgje av uttale frå Teknisk drift er tiltaket justert og murar tilpassa krav frå Teknisk drift. Tiltaka er soleis tilpassa vegmynde sine krav knytt til trafikktryggleik. Det er i søknad opplyst at murar vert ført opp som natursteinsmurarar.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at murane er tilpassa uttale frå teknisk drift, tiltaket er prosjektert slik at areal som ligg i stoppsiktsone i vegkrysset er i vareteke. Administrasjonen si vurdering er at omsynet som byggegrense langs veg skal ivareta ikkje i vesentleg grad vert sett tilside som følgje av omsøkte murar på eigedomen.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå regulert byggegrense langs veg for etablering av omsøkte murar på eigedom gbnr. 185/298 er oppfylt.

### **Nabomerknad**

Nabo på eigedom gbnr. 185/300 har i brev datert 22.12.17 komt med merknad til varsla tiltak på eigedom gbnr. 185/298. Slik administrasjonen les merknaden er den knytt til at tiltaka på eigedom gbnr. 185/298 vert opplevd som ruvande for gbnr. 185/300, både med omsyn til grad av utnytting og høgde på bygget, det vert vist til eit ønske om at alle vert handsama likt.

Når det gjeld høgde på bygget og berekning av dette i høve terreng så går det fram av føresegna til gjeldande reguleringsplan for Juvikstølen § 2.2.3 at høgde for bygg vert målt frå gjennomsnittleg terrengnivå og at denne ikkje skal vere høgare enn 8,5 meter for 2 etasjes bygg.

For den aktuelle eigedomen, gbnr. 185/298 er det på plankartet synt OK golv på dei ulike plana som følgjer: u.etg. +60 og 1 etg. 62,5.

Den aktuelle bustaden er prosjektert med ok golv u.etg. på kote +56,2 og ok golv 1.etg på kote 59,1. Største kotehøgde på bygget i høve terreng vert på om lag kote + 65,7. Til samanlikning ut i frå plankart og føresegn kunne ein alternativ bustad på eigedom plassert med ok golv u.etg på kote +60 og mønehøgde på 8,5 meter hatt ei kotehøgde på +68,5 meter.

Mål av høgde på bygget i høve gjennomsnittleg terrengnivå er i samsvar med føresegna § 2.2.3 og også plan- og bygningslova § 29-4.

Med omsyn til likebehandling av tiltak innanfor planområdet så er det godkjent fleire bustadar med grad av utnytting på over 30 %, dette gjeld blant anna eigedom gbnr. 185/305, 185/314, 185/296, 185/295, 185/301, 185/302, 185/303, 185/304 og 185/307. Administrasjonen har ikkje gått i dybden i sakene på eigedomane som er lista opp, men har konstatert at grad av utnytting på nemnde eigedommar er større enn det planen opnar for. Administrasjonen har heller ikkje gått gjennom alle byggesaker i feltet.

Innanfor planområdet Juvikstølen er det i dag 3 attverande ubygde tomtar inkludert eigedom gbnr. 185/298 som enno ikkje er bygd ut.

Administrasjonen kan ikkje sjå at ulempe tiltaket på eigedom gbnr. 185/298 evt. påfører naboeigedommar er større enn det ein må pårekne når ein etablerer seg i/eller bur i tettbygde strøk. Administrasjonen kan ikkje sjå at tiltaket påfører naboeigedommen vesentlege ulemper.

Etter administrasjonen si vurdering vert ikkje naboane her påført ulemper som ikkje er pårekneleg som følge av utbygging i planområdet og på omsøkte eigedom.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan Juvikstølen. Del av gnr. 185 Isdal felles/planid.: 1263-07022002 frå grad av utnytting for oppføring av einestad med garasje og frå regulert byggegrense for oppføring av støttemurar på eigedom gbnr. 185/298. Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Minste avstand frå murfront til etablert vegbanekant skal ikkje vere mindre enn 0,5 meter.**



Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av einebustad med garasje, støttemurar og avkjørsle på eigedom gbn.r 185/298.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 30.11.17 rev. 07.05.18 motteke 08.05.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vass- og kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 09.01.18, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
3. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med godkjent reguleringsplan synt på situasjonsplan datert 30.11.17 rev. 07.05.18 motteke 08.05.18.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg
2. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/3806**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Baard Ivar Olstad	Veråsvegen 120	5955	LINDÅS
Baard Ivar Olstad	Veråsvegen 120	5955	LINDÅS
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
Tor Gjertsen	Øykjetona 15	5916	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------